



Saksbehandlar: Svein Arne Skuggen Hoff, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/10778-23

## **Regional Planstrategi 2016-2020**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Regional planstrategi 2016 – 2020 vert vedteken slik den ligg føre.
2. Mål og strategiar i planstrategien skal vere førande for alle regionale planar i perioden.
3. Regional planstrategi, og tilhøyrande kunnskapsgrunnlag, skal legge føringar/tilpassingar i gjeldande regionale planar og i utarbeiding av nye handlingsplanar i perioden.
4. Fylkestinget vedtek å fullføre arbeidet med ein strategisk plan for kysten i åra 2016 – 17.
5. Fylkestinget vedtek at vi i 2016 – 2017 skal utarbeide ein strategi for senterstruktur og senterutvikling for fylket.
6. Fylkestinget vedtek at vi i planperioden skal utarbeide følgjande nye planar (i her nemnde periodar):
  - a. Regional plan for kultur (2017 – 2018)
  - b. Regional plan for arealbruk (2018 – 2020)
7. Fylkestinget vedtek revidering/rullering av følgjande planar (i her nemnde periodar):
  - a. Regional transportplan (2016 – 2017)
  - b. Regional plan for klima og miljø (2016 – 2017)
  - c. Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet (2018 – 2019)
  - d. Regional plan for vassforvaltning (2016 – 2020)
8. Fylkestinget ber om at det mot slutten av planperioden vert gjort ei evaluering av regional plan for folkehelse og at vi då vurderer behovet for ei ev. revidering/rullering.
9. For å sikre gjennomføring av planarbeidet, skal naudsynte ressursar handsamast som del av budsjettprosessen for dei einskilde åra. For å gjennomføre arbeidet med kystplanen, jf. pkt. 4 over, er det stipulert eit behov på inntil 3 mill. kr (inklusive tilskot frå kommunane).
10. Fylkestinget ber og om at det vert etablert eit samarbeid mellom NAV, FM, KS og FK for å peike ut konkrete handlingsstrategiar for å få til eit målretta integreringsarbeid for innvandrarar.

**Vedlegg:**

- Regional planstrategi for 2016 – 2020
- Samanstilling og drøfting av innkomne merknadar
- Evaluering av gjeldande planar og strategiar
- Kunnskapsgrunnlag og utfordringar
- Nasjonale forventningar – korleis svarar fylket på det?

**Andre dokument som ikkje ligg ved:**

- Dokumenta som vart sendt på høyring
- Høyringssinnspele frå dei einskilde organisasjonane.

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Regional planstrategi 2016 – 2020 vert lagt fram til godkjenning. Planstrategien (RPS) fastset kva for regionale planar og strategiar fylket skal utarbeide i planperioden. RPS gjev retning for utviklinga i fylket gjennom eit sett av mål/effektar som aktørane er forplikta til å bidra til å nå.

Utkast til planstrategi har vore drøfta med dei sentrale regionale aktørane og kommunane, og det er gjennomført ei høyring etter reglane i lovverket.

Planstrategien legg opp til å følgje opp tidlegare planstrategi frå 2012 – 2016, ved å følgje opp og fullføre arbeidet med ein strategisk plan for kysten.

Planstrategien har og i seg eit framlegg om å etablere ein strategi for senterstruktur og senterutvikling. Denne skal ta opp i seg behovet for å få til regionforstørring i Sunnfjordregionen og Sogndalsregionen, samtidig som han ser på utviklinga i andre større tettstadar i fylket.

I tillegg er det lagt inn framlegg om to nye planar:

- Regional plan for kultur
- Regional plan for arealbruk.

I planstrategien er det og lagt inn dei føringane som ligg om revidering/rullering av gjeldande planar. Det er lagt inn som ein føresetnad i planarbeidet at totalt tal planar skal bli redusert ved at ein bakar inn gjeldande planar i dei nye der dette er relevant.

### **2. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Plan og bygningslova § 7 har krav om at Regional planmyndighet minst éin gang i kvar valperiode, og seinast innan eit år etter konstitueringa, skal utarbeide ein regional planstrategi i samarbeid med kommunar, statlige organ, organisasjonar og institusjonar som vert påverka av planarbeidet.

Planstrategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdere kva som er mogleg utvikling og ta stilling til langsiktige utviklingsmål og kva for spørsmål som skal tas opp gjennom vidare regional planlegging.

Framlegg til regional planstrategi har vore på høyring og planen vert no lagt fram til endelig godkjenning.

#### Historikk - tidlegare vedtak

Regional planstrategi for gjeldande periode vart vedteken 13.10.12. Som en del av dette vedtaket står det om Regional planstrategi for 2016 – 2020: Start 2015 og vedtak i FT i 2016.

Arbeidet med utfordringar og kunnskapsgrunnlag vart gjort i 2015 og arbeidet har vore drøfta i planutvalet:

- 17.08.15: A.dok. 1/15, Regional planstrategi 2016–2020, Organisering og utfordringar.
- 04.11.15: A.dok. 2/15 - Regional planstrategi 2016-2020 - Mål og målbilete.
- 27.01.16: Orientering om arbeidet og tilbakemeldingar frå samarbeidspartar

Utkast til planstrategi vart vedteken lagt ut på høyring av fylkesutvalet 02.03.16, sak 13/16.

## Sentrale problemstillingar

Sidan ein vesentleg del av planstrategien er å legge føringer for prioritert regional planlegging i perioden, har fylkesutvalet i vedtak om høyring bedt høyringsinstansane vert rimeleg konkrete m.o.t utfordringar, planbehov og eiga forplikting og deltaking i gjennomføring av planarbeidet. Dei sentrale problemstillingane/utfordringane for fylket er formulert under 5 ulike overskrifter:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og integrering
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- Utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimaendringar og behov for klimaomstilling.

## Andre opplysningar

Når regional planstrategi er vedtatt av regional planmyndighet, vert den lagt fram for Kongen til godkjenning. Ved godkjenninga kan Kongen, etter drøfting med regional planmyndighet, vedta dei endringar ein finn det naudsynt ut frå omsynet til nasjonale interesser. Statlige og regionale organ og kommunar skal legge den regionale planstrategien til grunn for det vidare planarbeidet i regionen.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

For å gjennomføre planarbeidet med kystplanen, er det stipulert eit behov på inntil 3 mill. kr, inklusive eksterne bidrag. Utarbeiding av regional transportplan, regional plan for klima og regional vassforvaltning, vert føresett dekka utan særskilde løyvingar.

### Rettslege konsekvensar

Kommunar og statlege organ skal legge planstrategien til grunn for plan- og strategiarbeid i eigen organisasjon. Føringane er ikkje juridisk bindande.

### Plankonsekvensar

I PBL er det nytta formuleringa: Regional planstrategi skal bli lagt til grunn for regionale og kommunale mynde. I vedtaket er det gjort framlegg om å nytte ordet «føringer». Dette er eit meir forpliktande ord og viser at fylkestinget ynskjer ei sterkare kopling mellom dei ulike plannivåa.

### Prosess og organisering av arbeidet

Arbeidet er gjennomført med brei deltaking frå partnarskapen og det er gjennomført separate møte med ulike interessegrupper og aktørar. Den breie medverknaden bør styrke grunnlaget for å følgje opp strategiane for fylket og viljen til å delta i det vidare utviklingsarbeidet.

I arbeidet er det etablert arenaer vi skal vidareføre for dialog mellom sentrale partar når det gjeld samfunnsutviklinga. Eksternt er Planforum nytta i tillegg til separate dialogmøte. Mellom anna vart Planforum nytta til eit eige møte i høyringsperioden. Dette har gitt ei modning hjå aktørane som vi ser igjen i innspela til planstrategien. Internt i fylkeskommunen er arbeidet organisert med ei arbeidsgruppe på tvers av fagavdelingane. Prosessen har ført til ei meir felles forståing og har styrka kompetansen innan plan- og utviklingsarbeidet.

### Nasjonale forventningar til regional planlegging

Planstrategien svarar på dei viktige forventningane staten har til regional planlegging. Vi har vore tydeleg på utfordringane og knytt plan- og strategiarbeid direkte opp til dette. Eit viktig nasjonalt mål er å gjere planlegginga mest mogleg målretta i høve definerte behov. Korleis vi svarar på dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging, går fram av eige vedlegg. Fleire av høyringsinnspele har merknadar til dei vurderingane som er gjort i dette vedlegget. Der desse er relevante er det gjort endringar direkte i vedlegget.

### Vurdering av arbeidet med regionreforma mv

I sjølve planstrategien er det gitt ei kort omtale av kommunereforma og regionreforma, og korleis vi har handsama desse. I tillegg til desse er det ei rekke ulike reformer på gang. I

høyringa er det kome det innspel frå Fylkesmannen om at planstrategien burde ha i seg ei vurdering av konsekvensane ved dei mange reformene og etablere eit sett av strategiar for korleis fylkeskommunen og fylket burde agere for å møte effektane av reformene.

Fylkesrådmannen har vurdert dette og meiner det vil blir svært krevjande å få fram denne kunnskapen og å utvikle slike strategiar innafor den ramma som er lagt for planstrategien. Skal eit slikt arbeid ha kvalitet i seg, bør det gjerast eit konkret vedtak om kva som skal gjerast, kven som må medverke (i hovudsak statlege etatar) og korleis det heile skal finansierast. Eit ev. slikt vedtak bør - på dette grunnlaget – først drøftast nærmare med fylkesmannen.

#### Vurdering av innspel i høyringa

Det kom inn om lag 25 høyringsinnspel til planstrategien. Uttalane er summert opp i eige dokument, jf. vedlegg. I dokumentet er hovudpunkta trekt ut og vi har gitt ei vurdering av korleis dette kan påverke planframlegget og korleis vi har teke omsyn til desse vidare. Mange innspel har ikkje direkte konsekvensar for planstrategien, men er viktige innspel i det konkrete planarbeidet som kjem i etterkant. Desse innspela vil bli formidla inn i dei planprosessane der dei høyrer heime.

Mange aktørar har og kome med faglege presiseringar som gjer at vi har endra og supplert innhaldet i dokumentet med kunnskapsgrunnlaget. Dette dokumentet vil bli nytta som eit aktivt verktøy vidare i arbeidet med nye planar og revidering/rullering av eksisterande planar og handlingsprogram.

Dei fleste høyringsuttalane støttar planstrategien og framlegg til plan- og strategiarbeid i perioden. Vi har her gitt ei kort omtale av kva for konsekvensar dette har fått for framlegget til endeleg vedtak, gjennom merknad til dei einskilde planane i strategien:

#### *Regional plan for kysten*

Høyringsinnspela har støtta opp om dette arbeidet, og fleire kommunar har vore konkrete i å forplikte seg på deltaking i gjennomføringa av arbeidet. Deltaking frå kommunane er heilt avgjerande for at vi skal lukkast med arbeidet. Planarbeidet er starta opp og det vert no utarbeida eit planprogram i samarbeid med kommunane, som vert lagt ut på høyring før sumaren. Det er skissert eit økonomisk behov på om lag 3 mill. kr. for å gjennomføre arbeidet innan den tidsramma som ligg i planstrategien. Dette inkluderer som nemnd kommunale tilskot.

#### *Frå regional plan til strategi for senterstruktur og tettstadutvikling*

Mange har vore positiv til ein ny regional plan for senterutvikling, men det har og vore sterke argument mot ein slik plan. Nordfjordrådet og einskildkommunar i Nordfjord har vore skeptiske av di dei meiner det kan bidra til eit einsidig fokus på regionforstørring i Sunnfjord og rundt Sogndal. Det er viktig at vi i fylket klarar å legge strategiar for alle sentra ut frå deira eigne føresetnadnar og potensiale for utvikling. Frå fylkesrådmannen si side er det nettopp dette som gjer at vi bør jobbe med senterutvikling, og at vi kan gjere det gjennom enklare prosessar enn dei som ligg i lovverket for regionale planar. Fylkesrådmannen gjer difor no framlegg om å gjere dette om frå ein regional plan til ein strategi for utvikling av sentra i fylket. Dette heng og saman med at det er argumentert sterkt for at vi treng ein ny regional plan for arealbruk, og at mange av dei plantema ein ville ha tatt i ein senterstrukturplan, no kan bli tatt i arbeidet med arealplanen. Fylkesrådmannen meiner at framlegget til ein slik strategisk plan for sentra vil fange opp dei merknadane og uroa som har kome fram i høyringa. Alternativet kunne ha vore ein eigen «storbystrategi» for dei to som deltek i byregionprogrammet (Sunnfjord- og Sogndals-regionen), men vi meiner altså at strategiar for desse to sentra uansett må bli sett i ein større samanheng og i relasjon til øvrige sentra.

#### *Regional plan for arealbruk*

Det var ikkje gjort framlegg om ein ny regional arealplan (i høyringa). Både i innspela frå kommunar og regionråd har det vore mange innspel om at det er behov for ein samla arealplan for fylket. Også mange av dei statlege aktørane som fylkesmannen, kystverket, fiskeridirektorat, direktoratet for mineralressursar og friviljuge organisasjonar, har tatt til orde for og grunngjeve behovet for ein samla ny arealdel. Det er og i omtalar av ein senterstrukturplan argumentert for at denne bør ta opp i seg ein del arealspørsmål. Ved å

etablere ein arealplan i forlenginga av ein strategi for senterstruktur og tettstadutvikling, vil arealplanen ta opp i seg dei behova som då er synleggjort. Også regional plan for kysten vil venteleg og gje innspel til ein slik arealplan. Fylkesrådmannen har på bakgrunn av innspela tatt med ein ny regional plan for arealbruk i sitt framlegg.

#### *Regional plan for kultur*

Det har kome mange innspel og kommentarar som har forsterka behovet for ein slik plan. Mange har gått langt i å konkretisere innhald og vinkling der behova rundt attraktivitet, inkludering og friviljug sektor er nytta som argument. Vi snakkar ikkje då fyrst og fremst om ein kulturplan med vekt på gjennomgang av dei ulike «aktivitetane» i kultursektoren, men om korleis vi kan innrette samfunnet for å ta i bruk dei ulike kreftene som kan bidra til eit samfunn som er godt å bu i og som inkluderer og lar alle delta i utviklinga vidare.

#### *Regional transportplan*

Dette planarbeidet er godt i gang og høyringa har gitt mange innspel som forsterkar behovet, og konkretiserer problemstillingar som vert tatt med i det vidare arbeidet.

#### *Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv*

Det har kome innspel om ein eigen regional strategisk plan for friluftsliv. Fylkesrådmannen meiner dette bør vere ein del av den regionale planen for mellom anna friluftsliv, og at ein i samband med rulleringa vurderer meir tydelege strategiar for friluftsliv.

#### *Regional plan for vassforvaltning*

Dette er eit regionalt planarbeid som i stor grad er styrt av statlege retningsliner og gjeldande plan er nyleg vedteke. Arbeidet går no over i planfase 2 og vil gå føre seg i heile planperioden. Det har ikkje kome innspel i høyringsrunden som påverkar dette planarbeidet.

#### *Regional plan for klima og miljø*

Dette er ein eksisterande plan det har vore stor merksemeld for å få revidert slik at den tydelegare kan vere ei rettesnor og legge føringar for anna planarbeid og for aktivitetar og tiltak i regi av mange aktørar. Paris-avtalen har forsterka behovet for ei tydeleg retning og tydelege mål for klimaarbeidet i fylket. Fylkesrådmannen har tatt omsyn til dette og framskynda arbeidet slik at det kan bli avslutta i 2017. Arbeidet er relativt avgrensa og vi har alt på plass mesteparten av det kunnskapsgrunnlaget vi treng for å sette i gang arbeidet med eit planprogram. Fylkesrådmannen ser ikkje behov for å sette av økonomiske ressursar ut over gjeldande budsjett for å gjennomføre planarbeidet.

#### *Regional plan for folkehelse*

I vedtak av regional plan for folkehelse, er det gitt ei føring om at vi skal vurdere revisjon mot slutten av planperioden. Planen ligg difor inne i oversikta over planarbeid i perioden, men vil berre bli effektuert i den grad evalueringa viser at det er behov for å revidere planen på dette tidspunktet.

## **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår til at regional planstrategi for 2016 – 2020 vert vedteken slik den no ligg føre med endringar som er gjort etter høyringa. Jf. framlegg til vedtak.